



Til veke skal politikarane ha synfaring og ta stilling til Stensletten-prosjektet. (Foto: Ola Matti Mathisen).

**Onsdag skal forvaltningskomiteeen ha sitt første møte i 2007 og mellom anna ta stilling til Stensletten-prosjektet like austfor Eidsvik Skipsbyggeri. Dette er runde nummer to, for i møtet før jul utsette politikarane saka for synfaring. Den går føre seg før møtet blir sett i Rosendal. Rådmannen held på sitt og går inn for avslag.**

Bjarne Stensletten har søkt om dispensasjon frå arealføremålet LNF (landbruk/natur/friluftsliv) i kommunedelplanen eller paragrafen om forbod mot bygging i strandsona. Han ynskjer å byggja naust i tre parsellar og har søkt om dispensasjon for knapt 100 meter strandline. Heile parsellen ligg innanfor 100-meterbeltet frå sjøen og innanfor funksjonell strandsona.

Søknaden er grunngeven med at området ligg i utkanten av LNF-område og grensar opp til område for fritidsbustader i aust og bustadbyggjing i sør. Stensletten hevdar at området ikkje er attraktivt som badeområde eller for friluftsinnteresser og vil fungera betra som nausttomter til nytte for det næraste bustadområdet.

Når rådmannen no legg saka fram på nytt, skjer det med same saksutgreiing og innstilling som sist. Han går med andre ord i mot dispensasjon fordi det ikkje ligg føre særlege grunnar etter lova. Rådmannen meiner at eit naustområde av ein slik storleik bør vurderast i ein oversiktsplan. Saka kan då fremjast som innspel til neste rullering av kommunedelplanen, meiner rådmannen. Kommunedelplanen er relativt ny og det aktuelle naustområdet er så stort at det uansett må vurderast i ein plansammenheng.

Av Ola Matti Mathisen